



Møteprotokoll

Utval	Formannskapet, Plan og økonomi
Møtestad	Heradsstyresalen
Dato	25.06.2026
Tidspunkt	kl 09:00 - 12:05

Frammøtte

Benedicte Kragh	Ap
Tommy Mo Aarethun	Ap
Iiril Kirstine Schau Johansen	H
Sveinung Riber	H
Lars Gunnar Øye	INP
Samson Hamre	Sp
Tonje Ljones Såkvitne	Sp
Elin Seim	V

Parti

Forfall

Dag Sandvik

Parti

Sv

Varamedlem

Margrethe Alm

Parti

Sv

Andre som møtte

Berit Marie Galaaen
Elin Klette
Hans-Erik Ringkjøb
Kjersti Næss Finne
Lina Hamre
Martin William Kulild
Perline Dugstad Vivås
Signe Stoll
Tor Helmer Halvorsen

Stilling

Leiar Plan og Oppmåling
Politisk sekretær
Kommunalsjef tekniske tenester

Klima- og miljørådgjevar
Rådmann
Politisk sekretær

Stabssjef Innbyggjarservice

Protokollfører:

Elin Klette

Møtenotat

Informasjon knytt til sak 53/26 - 15 min etter sak 51/26 Godkjenning av protokoll.

Informasjon frå rådmannen:

- Klima- og miljøministeren kjem og møter administrasjonen i Voss herad neste veka. Arealnøytralitet er tema.

- v/Hans-Erik Ringkjøb - syner til vedtak om innsparing knytt til kommunale vegar på 1,5 mill. vedteke i heradsstyret 18. juni. Kriteria knytt til privatisering gjer det umogeleg å nå innsparingsmåla, så saka kjem oppatt til handsaming i tråd med innsparingsmål.

Informasjon frå varaordføraren

TV-aksjonen 18. oktober 2026, går i år til Flyktningshjelpen. Hilde M. Magnussen tek over arbeidet som varaordførar. Treng hjelp til ringjedugnad mot næringslivet, innsamlingsdagen, kommunekomiteen. Val av kommunekomite etter sommarferien.

Informasjon frå Elin Seim

1. helga i september skal det arrangerast NM i Røde Kors på Voss. Norges Røde Kors har peika på Elin Seim som leiar for arrangementet. Fagsymposium i kulturhuset om totalforsvarsåret laurdagen, FPL vert invitert.

Tonje Ljones Såkvitne
Ordførar

Sakliste

Sak nr	Sakstittel
IM-05/26	Informasjon til møte i Formannskap, plan og økonomi 25. juni 2026
PS-50/26	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste
PS-51/26	Godkjenning av protokoll frå forrige møte
PS-52/26	Detaljreguleringsplan Lundarvegen 17 Planid. 2024006
PS-53/26	Undervegssak KPA
PS-54/26	Ymse

05/26 Informasjon til møte i Formannskap, plan og økonomi 25. juni 2026

Informasjon og agenda:

Kallar med dette inn til møte i Formannskap, plan og økonomi 25. juni 2026 kl. 9.00 i heradsstyresalen på Tinghuset.

Vara vert kalla inn til møte ved forfall. Lovleg forfall vert å melda i møteportalen.

Kommune-TV

Møtet vert vist på Kommune-tv. Tilhøyrarar kan følgja sendinga <https://voss.kommunetv.no/>.

Agenda:

Tema	Ansvarleg	Tid
Møtet er sett	Ordførar	9.00 - 9.10
Sakshandsaming	Ordførar	9.10 - 11.40
Generell informasjon frå rådmann og ordførar	Rådmann og ordførar	11.40 - 12.00

Voss 12. juni 2026

Tonje Ljones Såkvitne
Ordførar

Formannskapet, Plan og økonomi 25.06.2026

Handsaming

FPL - 05/26 Vedtak

50/26 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.

Formannskapet, Plan og økonomi 25.06.2026

Handsaming

Samrøystes vedteke.

FPL - 50/26 Vedtak

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.

51/26 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Protokoll frå forrige møte vert godkjent slik den ligg føre.

Formannskapet, Plan og økonomi 25.06.2026

Handsaming

Samrøystes vedteke.

FPL - 51/26 Vedtak

Protokoll frå forrige møte vert godkjent slik den ligg føre.

52/26 Detaljreguleringsplan Lundarvegen 17 Planid. 2024006

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova §§ 12-10 vedtek FPL å leggja detaljreguleringsplan for Lundarvegen 17, planid 2024006, ut til høyring og offentleg ettersyn slik det går fram av, føresegner og planomtale datert 03.06.2026 og plankart datert 16.03.2026 signert HLM arkitektur AS.

Formannskapet, Plan og økonomi 25.06.2026

Handsaming

Formannskap, plan og økonomi røysta over rådmannen sitt framlegg til vedtak, samrøystes vedteke.

FPL - 52/26 Vedtak

I medhald av plan- og bygningslova §§ 12-10 vedtek FPL å leggja detaljreguleringsplan for Lundarvegen 17, planid 2024006, ut til høyring og offentleg ettersyn slik det går fram av, føresegner og planomtale datert 03.06.2026 og plankart datert 16.03.2026 signert HLM arkitektur AS.

53/26 Undervegssak KPA

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Formannskap, plan og økonomi sluttar seg til rådmannen si tilråding for vidare arbeid med arealdelen.
2. Planvask: Vedlegg 1-4 om tilråding av planvask vert lagt til grunn for framlegg til ny arealdel.
3. Siling av arealinnspeil: a) Vedlegg 5 med tilråding om siling av arealinnspeil vert lagt til grunn for vidare arbeid med ny arealdel. b) Etter gjennomført KU-vurdering for natur, miljø og samfunn, og ROS-analyse, vil det verta tatt stilling til om innspela heilt eller delvis skal innarbeidast i framlegg til ny arealdel.
4. Arealnøytralitet: Det vert tilrådd å arbeida vidare med å operasjonalisera arealnøytralitet i KPA i samsvar med prinsipp i vedlegg 9.

Formannskapet, Plan og økonomi 25.06.2026

Handsaming

Alternativt framlegg til vedtak:, foreslått av Benedicte Kragh, Arbeiderpartiet

1. Formannskap, plan og økonomi sluttar seg til rådmannen si tilråding for vidare arbeid med arealdelen. Vedlegg 1-4 om tilråding av planvask er eit godt grunnlag for vidare arbeid med kommuneplanen sin arealdel og planvask. Ein tek endeleg stilling til planvask i samband med at saka vert lagt ut på høyring.
2. Siling av arealinnspeil: a) Vedlegg 5 med tilråding om siling av arealinnspeil vert lagt til grunn for vidare arbeid med ny arealdel. b) Etter gjennomført KU-vurdering for natur, miljø og samfunn, og ROS-analyse, vil det verta tatt stilling til om innspela heilt eller delvis skal innarbeidast i framlegg til ny arealdel.
3. Formannskap, plan og økonomi ber om at det vert arbeida vidare med å tydeleggjere korleis arealnøytralitet skal operasjonaliserast i KPA. Formannskap, plan og økonomi er skeptisk til å utvikle ein eigen «Vossamodell» for arealnøytralitet og ein eigen prissetjingsmodell for natur, og ber om at ein i påvente av nasjonale avklaringar nyttar regjeringa si definisjon av kva det vil seia å vera arealnøytral (Naturmeldinga: Alt fysisk tap av naturarealer kompenseres for gjennom tilbakeføring av tilsvarende naturarealer. Dette omtales også som netto null tap av natur) og finn ei praktisk tilnærming til dette.

Revidert tilleggsframlegg 2, foreslått av Iril Kirstine Schau Johansen, Høgre

5. Søknadar som kjem inn til kommunen før ny arealplan er vedteken, skal handsamast etter gjeldande planar, regelverk og reguleringsføresegner for aktuelt areal, for å sikra føreseielegheit for utbyggjarar, grunneigarar og næringsliv.
6. Ved den vidare planvaska skal det leggjast vekt på at kommunen har ein realistisk planreserve som støttar opp under berekraftig utvikling, fortetting og transformasjon av eksisterande utbygde område, samstundes som det blir sikra tilstrekkeleg utviklingsrom for bustader og næring i grendasentra. Vurderinga av planreserven skal byggje på faglege kriterium og realistisk gjennomføringsevne, framfor eit på førehand fastsett prosentmål.
7. Ved planvask skal ein vera meir tilbakehalden med å ta ut bustadareal, enn med å ta ut fritidsbustadareal. Dette er nødvendig for å sikre framtidig busetjing, næringsutvikling og levande grender.

8. Grunneigarar som vert direkte råka av planvasken, skal tilskrivast og få høve til å uttala seg før endeleg planframlegg vert lagt ut til offentleg ettersyn.

9. Ei konsekvensutgreiing som vurderer verknader for bustadtilgang, bustadprisar, befolkningsutvikling, næringsutvikling, sysselsetjing, kommunale inntekter og utviklinga i bygdene som fylgje av tiltaka som vert vurderte, skal vera del av saksgrunnlaget ved neste politiske handsaming av planvasken.

Gruppemøte 10 min før røysting i saka.

Formannskap, plan og økonomi røysta over alternativt framlegg til vedtak frå Benedicte Kragh, Ap, opp mot rådmannen sitt framlegg til vedtak. Framlegget frå Ap vart samrøystes vedteke.

Formannskap, plan og økonomi røysta over revidert tilleggsframlegg 2 frå Venstre, Inp og Høgre v/Irlil S. Johansen, H, punktvis;

pkt 5 - framlegget fall med 5 røyster mot 4 røyster (Irlil S. Johansen, Sveinung Riber, H, Lars Gunnar Øye, Inp, Elin Seim, V)

pkt 6 samrøystes vedteke

pkt 7 samrøystes vedteke

pkt 8 - framlegget fall med 5 røyster mot 4 røyster (Irlil S. Johansen, Sveinung Riber, H, Lars Gunnar Øye, Inp, Elin Seim, V)

pkt 9 - framlegget fall med 5 røyster mot 4 røyster (Irlil S. Johansen, Sveinung Riber, H, Lars Gunnar Øye, Inp, Elin Seim, V)

FPL - 53/26 Vedtak

1. Formannskap, plan og økonomi sluttar seg til rådmannen si tilråding for vidare arbeid med arealdelen. Vedlegg 1-4 om tilråding av planvask er eit godt grunnlag for vidare arbeid med kommuneplanen sin arealdel og planvask. Ein tek endeleg stilling til planvask i samband med at saka vert lagt ut på høyring.

2. Siling av arealinnspel: a) Vedlegg 5 med tilråding om siling av arealinnspel vert lagt til grunn for vidare arbeid med ny arealdel. b) Etter gjennomført KU-vurdering for natur, miljø og samfunn, og ROS-analyse, vil det verta tatt stilling til om innspela heilt eller delvis skal innarbeidast i framlegg til ny arealdel.

3. Formannskap, plan og økonomi ber om at det vert arbeida vidare med å tydeleggjere korleis arealnøytralitet skal operasjonaliserast i KPA. Formannskap, plan og økonomi er skeptisk til å utvikle ein eigen «Vossamodell» for arealnøytralitet og ein eigen prissetjingsmodell for natur, og ber om at ein i påvente av nasjonale avklaringar nyttar regjeringa si definisjon av kva det vil seia å vera arealnøytral (Naturmeldinga: Alt fysisk tap av naturarealer kompenseres for gjennom tilbakeføring av tilsvarende naturarealer. Dette omtales også som netto null tap av natur) og finn ei praktisk tilnærming til dette.

4. (pkt 6) Ved den vidare planvaska skal det leggjast vekt på at kommunen har ein realistisk planreserve som støttar opp under berekraftig utvikling, fortetting og transformasjon av eksisterande utbygde område, samstundes som det blir sikra tilstrekkeleg utviklingsrom for bustader og næring i

grendasentra. Vurderinga av planreserven skal byggje på faglege kriterium og realistisk gjennomføringsevne, framfor eit på førehand fastsett prosentmål.

5. (pkt 7) Ved planvask skal ein vera meir tilbakehalden med å ta ut bustadareal, enn med å ta ut fritidsbustadareal. Dette er nødvendig for å sikre framtidig busetjing, næringsutvikling og levande grender.

54/26 Ymse

Formannskapet, Plan og økonomi 25.06.2026

Handsaming

FPL - 54/26 Vedtak